



Ivar Gundersen lokkar med over 200 gule ender! (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Kreativiteten blømer framfor den store Aktivitetsdagen i Uskedalen laurdag 14. juni. "Hopp i havet", vårt**

**svar på "Ta sjansen" i Holmenkollen har førebels 11 innmeldte ekvipasjar og teikner til å bli ein "højdare". Men også ein annan og noko meir diskret tevling ventar ein seg mykje av, nemlig andeløpet frå Djupehølen og ned til brua.**

Fotballgruppeteiar Ivar Gundersen har hatt ideen lenge og han plukka den opp på Voss. Stutt fortalt går det heile ut på å slippa eit antall nummererte ender samstundes i elva og så er poenget kven av dei som blir først til å passere brua. Første premi er ein gassgrill til en verdi av nærmare 4.000 kroner supplert av ei fiskestong, ein kjølebag og ei jakke.

Gundersen har sikra seg i overkant av 200 gule ender og fordelt 40 for sal på kvar av dei fire fotball-laga i bygda. Han held dei resterande vel 50 i beredskap for sal på sjølve dagen.

Ei and kostar 50 kroner og med anda får kjøparen naturleg nok et and-elsbrev. Og inntekten går sjølvsgt til fotballen i bygda!

Når det gjeld "Hopp i havet" er det ikkje så mykje å melda då førebuingane er omgjeve av den størst mogelege heimelegghald. Det snikrast både her og der men ingen informasjonar skal sleppe ut på førehand Med andre ord er vi avskore frå alt anna enn å bringa den ajourførte deltakarlista: Idrettslaget, skulen, Auto 88, Dammevennene, Oddmund Soldal med mannskap, Ølve industrier, Brødrene Hjørnevåg, Felleskjøpet, ansette i Myro og SPAR::

Diverre kjem det ikkje noko tøffetog denne gongen, men branntroppen stiller opp med brannbilen for prøvekjøring.

Med omsyn til musikk kjem trekkspelklubben med Nils Nåsen i spissen og sjølvsgt den lokale trubadur Michael Røsland. Damevennene er også på jakt etter eit ungdommeleg band..

Fjord-rafting med ein super.-rask rib står også på programmet i år og ansiktsmaling og eit nytt og lykkebringande lykkehjul bør nemnast. Fleire skal ha stand, til dømes veteranbåt-laget og AFA.

Damevennene har også fått tak i ei drakt og ein fotball signert av alle Brannspelarane og desse effektane vil bli lodda ut under aktivitetdagen.

Og meir kjem sikkert etterkvart.....

Av Ola Matti Mathisen